

Klimabudsjett 2025 - 2028

i Sogndal kommune

Innholdsliste

Bakgrunn og introduksjon– side 3

Klimamåla til kommunen – side 8

Dei største utsleppskjeldane – side 14

Topp 10 klimasatsingar – side 16



Bakgrunn

Klimabudsjettet 2025-2028 byggjer vidare på følgjande arbeid:

- [Samfunnsplanen](#)
- [Strategi for samfunnsutvikling](#)
- [Klimamål](#)
- [Klimarekneskap 2023](#)
- [Klimabudsjett 2024](#)
- [Strategi for bustad, arbeid, klima og transport](#)
- [Klimascenario 2040](#)

Kva er eit klimabudsjett?

Klimabudsjett er eit styringsverktøy for å oppnå klimagassreduksjon etter kommunen sine vedtekne klimamål.

Klimabudsjettet inneheld konkrete tiltak og handlingsplan for å oppnå måla og fordeler ansvaret for gjennomføringa på kommunen sine sektorar og tenesteområde. I den grad det er mogleg skal me i klimabudsjettet også anslå effekten av dei ulike tiltaka og synleggjere utsleppsreduksjon som følgje av tiltaka.

Klimabudsjettet skal følgje årshjulet til økonomibudsjettet i kommunen med statusrapportering kvart tertial.



Kvar er nytt i årets klimabudsjet?

1. Klimabudsjettet skil ikkje lenger mellom tiltak som rettar seg mo direkte eller indirekte utslepp, men er heller bygd opp med ein topp 10 liste som inkluderer dei klimasatsingane kommeun bør prioritere høgast dersom me skal bevege seg mot våre eigne klimamål.
2. Som følgje av dette er det også innarbeida eit nytt delmål under hovudmål 4 om direkte utslepp i kommunen: «*Delmål 6: Hindre omdisponering og nedbygging av karbonrike areal i kommunen*»
3. Øvrige klimatiltak på sektor og einingsnivå er omtalt i eige vedlegg.




Ulike kategoriar av klimautslepp


Direkte utslepp = utslepp som fysisk skjer innanfor kommunen sitt geografiske område.

Indirekte utslepp = utslepp som skjer utanfor kommunegrensa som følgje av forbruk av varer og tenester innanfor kommunen sitt geografiske område.

Utslepp frå kommuneorganisasjonen = direkte og indirekte utslepp som følgje av kommuneorganisasjonen sin aktivitet.

Utslepp frå kommunen = direkte og indirekte utslepp som følgje av kommuneorganisasjonen, innbyggjarar og andre verksemdar sin aktivitet i kommunen.





Avgrensing av klimabudsjettet

Klimabudsjettet omhandler direkte utslepp frå kommuneorganisasjonen, direkte utslepp frå kommunen som geografisk område, og indirekte utslepp frå kommuneorganisasjonen.

Klimabudsjettet omhandler ikkje indirekte utslepp som er knytt til forbruk av varer og tenester innanfor kommunegrensene. Sjølv om dette truleg utgjer ein betydeleg del av det totale utsleppet prioriterer kommunen foreløpig å jobbe med tiltak som ligg tettare på kommunen sine tenesteoppgåver. Men på sikt bør kommunen vurdere å også jobbe meir aktivt for utsleppsreduksjon knytt til indirekte utslepp frå forbruk av varer og tenester innanfor kommunegrensene

Klimamåla til Sogndal kommune

Sogndal kommune har fire hovudmål for å redusera klimautsleppa våre.

Under kan du sjå kvart hovudmål med tilhøyrande delmål.





Hovudmål 1: Null direkte utslepp frå kommuneorganisasjonen i 2030

Delmål 1: Nullutslepp frå alle kommunale
køyretøy og maskinar i 2030

Delmål 2: Nullutslepp frå private og leigde
køyretøy på kommunalt oppdrag i 2030.


Hovudmål 2: Redusere indirekte utslepp frå kommuneorganisasjonen med 50% i 2030 samanlikna med 2021-nivå.

Delmål 1: Redusere indirekte utslepp frå bygg og anlegg med 50 % i 2030 samanlikna med 2021-nivå

Delmål 2: Redusere indirekte utslepp frå vare- og tenestekjøp med 50 % i 2030 samanlikna med 2021- nivå.

Delmål 3: Ikkje auke indirekte utslepp frå transport og reiser i 2030 samanlikna med 2021-nivå





Hovudmål 3:
Redusere indirekte utslepp
frå energibruk i kommunale
bygg med 40% i 2030
samanlikna med 2021-nivå.

Delmål 1: Redusere energibruken
gjennom energieffektivisering i
kommunale bygg

Delmål 2: Redusere utslepp frå energibruk
gjennom fornybar energiomstilling i
kommunale bygg.

Hovudmål 4: Redusere direkte utslepp i kommunen med 60% samanlikna med 2016-nivå.

Delmål 1: 50% redusert utslepp frå privattransport, bussar, varebilar og tunge køyretøy samanlikna med 2016-nivå

Delmål 2: Redusere utslepp frå jordbrukssektoren med 71% samanlikna med 2016-nivå

Delmål 3: Nullutslepp frå passasjerbåtar og cruisebåtar

Delmål 4: Redusere utslepp frå maskinar som går på avgiftsfri diesel med 50 % samanlikna med 2016-nivå


Delmål 5: Redusere utslepp frå avfallshandtering med 50 % samanlikna med 2016-nivå

Delmål 6: Hindre omdisponering og nedbygging av karbonrike areal i kommunen (ny)



Referansebane for klimautslepp

Grafen viser direkte utslepp i Sogndal frå 2009 til 2020 og estimert utvikling utan kommunale tiltak frå 2021 til 2030. Den mørkegrøne linja visar korleis utviklinga bør vere dersom Sogndal skal nå målet om 60% utsleppsreduksjon i 2030 og startar med å redusere klimagassutsleppa kraftig frå 2023.





Elektrisitet

Dersom me reknar kommunen som del av ein europeisk kraftmarknad er energi den desidert største utsleppskjelda til kommunerogorganisasjonen.



Varekjøp

Utsleppa frå varekjøp kjem særleg frå kjøp av mat, drikke og andre varer knytt til sjukeheimar, storkjøken, skule og barnehage.




Bygg og anlegg

Mest utslepp frå investeringar knytt til kommunale vegar, bygg og VA. Utsleppa kjem både frå arbeid og materialbruk.




Tenestekjøp

Mest utslepp frå kjøp av tenester frå private barnehagar, private tenester i helse- og omsorg, tilrettelegging og bistand for næringslivet og brann og ulykkesvern.



Dei største utsleppskjeldane frå kommuneorganisasjonen



Dei største direkte utsleppskjeldane frå kommunen som geografisk område



Vegtrafikk

Utgjer den største utsleppskjelda i Sogndal kommune. Utsleppa kjem i hovudsak frå personbilar, tunge køyretøy og varebilar.



Jordbruk

Den nest største utsleppskjelda i Sogndal kommune. Dette gjeld hovudsakleg utsleppet frå fordøyingsprosessar hjå husdyr og utslepp frå handtering og lagring av husdyrgjødsel.



Sjøfart

Den tredje største utsleppskjelda i Sogndal kommune. Utslepp frå primært passasjerferger, hurtigbåt og cruisebåtar.

Arealbruksendring




Utslepp frå omdisponering og nedbygging av karbonrike areal kan ligge på nivå med årlege utslepp frå personbilar eller passasjerbåtar.

Topp 10 satsingar for å redusere klimagassutslepp i Sogndal kommune

Topp 10-lista er eit forsøk på å synleggjere dei 10 viktigaste klimasatsingane som kommunen bør prioritere å jobbe med for å redusere eigne og andre sine utslepp i kommunen. Meir informasjon om konkrete tiltak ligg i vedlegget.

Prioriteringa er basert på tre omsyn:

1. Kor stort er potensialet for utsleppsreduksjon?
2. Kor stor påverknad kan kommunen ha på utsleppsreduksjonen?
3. I kva grad vil utsleppsreduksjonen også bidra til anna måloppnåing for Sogndal kommune?



1. Hindre omdisponering og nedbygging av karbonrike areal med ein restriktiv arealpolitikk.

Reduksjonsmål: 6800 tonn CO2-ekvivalenter (estimat) per år.

Kostnad: Lite direkte kostnader for kommunen. Men kan påverke kva type private og offentlege utbyggingsprosjekt som blir realisert i kommunen.

Tiltak:

- Avslå utbyggingsplanar som krev omdisponering og nedbygging av karbonrike areal.
- Halde fram arbeidet med å innføre arealrekneskap i kommunen.

Rapporteringsansvar for tiltak: Planavdelinga

2. Energieffektiviseringstiltak og fornybare energikjelder i dei kommunale bygga.

Reduksjonsmål: 5155 tonn CO2-ekvivalenter innan 2030.

Kostnad: Må sjåast i samanheng med reduksjon av driftskostnadar. Tiltak som kan nedskrivast innanfor ein 7-årsperiode vert prioritert først.

Tiltak:

- Energieffektiviseringstiltak som utskiftingar av ventilasjonsanlegg, fasadar og oppvarmingssystem.
- Etablere meir fornybar energiproduksjon for kommunal bygningsmasse.

Rapporteringsansvar for tiltak: Bygg og eigedom

3. Gjere dei tiltaka som er naudsynt for å minimere utsleppa frå personbilar, varetransport og tunge køyretøy i heile kommunen.

Reduksjonsmål: 7471 tonn CO2-ekvivalenter innan 2030.

Kostnad: Usikkert kostnadsbilete som vil avhenge av kor inngripande tiltak kommunen ønskjer å gjere og i kva grad forureinar skal betale. Den nasjonale politikken på området kan også påverke kostnader og effektar av tiltak.

Tiltak:

- Vurdere å innføre/endre parkeringsavgifter i kommunen
- Legge til rette for betre fasilitetar for sykkelparkering
- Gjennomføre tiltak som bidreg til mindre utslepp frå køyring mellom tettstadene
- Prioritere vinterbrøyting og strøing for gåande og syklende

Rapporteringsansvar for tiltak: Veg og park

4. Strengt klimakrav ved kommunale innkjøp av varer og tenester, helst i samarbeid med region og fylke.


Reduksjonsmål: 4505 tonn CO2-ekvivalenter innan 2030.

Kostnad: Vil avhenge av kor stor innkjøpsmuskelen til kommunen er. Felles praksis i regionen eller fylket vil truleg redusere kostnadene og stimulere til omstilling i næringslivet.

Tiltak:

- Tilsette innkjøpsrådgjevar med særskild klimakompetanse
- Kartlegge langsiktige innkjøpsbehov og anskaffingsplanar
- Følgje opp krav om klima- og miljøvennlege løysingar ved alle innkjøp.
- Vurdere felles erklæring om innkjøp gjennom Sogn kommunale oppgåvefelleskap.

Rapporteringsansvar for tiltak: HR og økonomi

A white rabbit is the central focus of the page, shown from the chest up. It has long, upright ears and is looking directly at the camera with a neutral expression. The background is a soft-focus field of green grass and some small white flowers, suggesting a rural or agricultural setting. The overall tone is calm and natural.

5. Jobbe aktivt med å betre gjødselhandteringa for å redusere utslepp i jordbruket.

Reduksjonsmål: 1564 tonn CO2-ekvivalenter innan 2030.

Kostnad: Kommunen kan nytte SMIL-midlar for å stimulere til betre gjødselhandtering. Ei større satsing vil truleg krevje finansiering av eit prosjekt for å jobbe med problematikken.

Tiltak:

- Tilskot til tiltak som hindrar utslepp av klimagasser til luft og vatn.
- Vurdere å etablere regionalt eller lokalt prosjekt for å redusere utslepp frå gjødsellagring og -handtering.

Rapporteringsansvar for tiltak: Landbruk

6. Stille krav om at all transport i kommunal regi skal vere utsleppsfri så lenge transporten skjer i Sogn.

Reduksjonsmål: 1255 tonn CO2-ekvivalenter innan 2030.

Kostnad: Dersom kommunen leaser køyretøy og maskinar vil det auke kostnadene til drift med mellom 5,2 og 9,7 millionar kroner.

Samstundes vil kommune sleppe å sette av midlar til investering for å fornye køyretøy- og maskinparken. Kwart driftsbudsjett blir tappa med 5-9000 kr i månaden per leasa køyretøy.

Tiltak:

- Halde fram med fornyinga av den lettare køyretøyparken til kommunen til el-bilar.
- Skifte ut tyngre driftskøyretøy og maskinar til maskinar av nyare dato med mindre utslepp innanfor ramma.

Rapporteringsansvar for tiltak: Veg og park

7. Minimere behovet for store kommunale bygge- og anleggsprosjekt i framtida gjennom god og klimavenleg forvaltning av eksisterande eigedommar og infrastruktur

Reduksjonsmål: 751 tonn CO2-ekvivalenter innan 2030.

Kostnad: Dette vil truleg krevje at kommunen brukar færre midlar på investeringsprosjekt og meir midlar på tilsyn, vedlikehald og utvikling av eksisterande eigedom og infrastruktur. Ved nokre høve kan klimavenlege val føre til auka kostnader. Ved andre høve kan klimavenlege val føre til at kommunen slepp å gjere tunge investeringar eller går for meir nøysame løysingar.

Tiltak:

- Bruke klimavennlege materialar og ombruk av eksisterande bygningsmasse som strategisk tilnærming for utvikling av kommunal eigedomsmasse.
- Ivaretaking av klimakrav med minst 30% vekt ved innkjøp av varer og tenester, eller erstatta med krav om tilsvarende klimavennlege tiltak i konkurransegrunnlag
- Prioritere ressursar til drift og tilsyn av bygg, eigedom og infrastruktur.
- Skifte ut lysstoffrør i kommunale bygg til meir miljøvenlege lys.

Rapporteringsansvar for tiltak: Bygg og eigedom/Veg og park

8. Strenge klimakrav når kommunen likevel må gjennomføre store og små bygge- og anleggsprosjekt.

Reduksjonsmål: Sjå punkt 7.

Kostnad: Vil avhenge av kor stor innkjøpsmuskelen til kommunen er. Felles praksis i regionen eller fylket vil truleg redusere kostnadene og stimulere til omstilling i næringslivet.

Tiltak:

- Krav om fossilfrie og delvis utsleppsfrie bygg- og anleggsplasser på dei største prosjekta
- Klimakrav med minst 30% vekt ved innkjøp av varer og tenesta, eller erstatta med krav om tilsvarende klimavennlege tiltak i konkurransegrunnlag
- Krav om 90% sorteringsgrad for avfall knytt til bygg- og anleggsprosjekt.
- Krav om maksimalt CO-utslepp ved oppføring av ny bygningsmasse.
- Krav om fornybar energiproduksjon ved oppføring av ny bygningsmasse.

Rapporteringsansvar for tiltak: Bygg og eigedom/Veg og park

9. Stimulere til meir ombruk og mindre forbruk hjå innbyggjarar i kommunen.

Reduksjonsmål: Uvisst.

Kostnad: Foreløpig avhengig av prosjektmidlar eller kommunalt/fylkeskommunalt bidrag. Har tilskot ut 2025 frå fylkeskommunen. Endring i mva-krav på reperasjons- og gjenbruksartiklar kan påverke kostnadsbiletet.

Tiltak:

- Stimulere til meir ombruk i kommune og hjå innbyggjarar gjennom samarbeidprosjekt med Simas og Sogn Næring
- Vidare satsing på Sogn sirkulære biohub

Rapporteringsansvar for tiltak: Sogn Næring

10. Jobbe aktivt for å oppnå nullutslepp frå hurtigbåtar og cruiseskip.

Reduksjonsmål: 10556 tonn CO2-ekvivalenter innan 2030.

Kostnad: Lite kostnader for kommunen utover eventuell tilrettelegging for ladeinfrastruktur etc. Tiltaket er heilt avhengig av nasjonal og regional utsleppspolitik.

Tiltak:

- Arbeide politisk for å etablere utsleppsfri hurtigbåt mellom Sogn og Bergen
- Arbeide politisk for å realisere målet om ei utsleppsfri cruisenæring

Rapporteringsansvar for tiltak: Krev politisk arbeid



Vedlegg: Foreslåtte klimatiltak frå sektorar og einingar i budsjett 2025 og økonomiplanperioden 2025 - 2028

Ansvar	Tiltak	Kommentar	2025	2025-2028	Estimert kostnad
Adm.	Klimavenlege anskaffingar	Kommunen ønskjer å tilsette ein rådgjevar for innkjøp. Ved å auke kompetansen for og styrke ressursane til innkjøp vil ein vere betre i stand til å effektivisere innkjøpa til kommunen og soleis raskare nå måla om innsparing. I tillegg vil ein vere betre rusta til å følgje opp satsingsområda og nå måla i klimabudsjettet. I innkjøpssamarbeidet INSS er det tilsett ein miljørådgjevar som jobbar med klima og miljø i alle rammeavtalane som blir inngått gjennom samarbeidet. Det er behov for å intensivere og samle ressursane som jobbar med innkjøp, slik at me i økonomiplanperioden er i stand til å få på plass ei god oversikt over langsiktige innkjøpsbehov og anskaffingsplanar, samt for å følgje opp krav om klima- og miljøvennlege løysingar ved alle innkjøp. Det ligg også eit stort potensial i å identifisere anskaffingstypar som kan eigne seg for felles erklæring om klimakrav på tvers av kommunar i regionen og fylket.	X	X	Ca 1 million kr i året til løn og adm. utgifter.
Adm.	Velje reisemåtar som gir minst mogleg utslepp i samarbeid med leverandør av reiser.	Avtale med leverandør Berg-Hansen er inngått og me må samarbeide med dei for å redusere utslepp frå reise. Når det er mogleg vil det komme opp forslag om å ta tog i staden for fly når ein bestiller reiser i Berg Hansen. I tillegg er det mogleg å velje bio-fuel som tilleggskjøp hjå enkelte flyselskap, mellom anna SAS. Ein må sjå på reiserutinane dersom dette skal settast som krav når vala er tilgjengelege.	X	X	Må avklarast.
Bygg og eigedom	Krav om klimavennlege materialar og ombruk av eksisterande bygningsmasse er langt på veg etablert som strategisk tilnærming for utvikling av kommunal eigedomsmasse	Det er lagt opp til mogleg ombruk av bygningsmasse i ny barneskule i Sogndal sentrum, Saften, aktivitetshus for psykisk helse og rus, Holmatunet mfl. Kravspesifikasjon for materialar er uforma og vert nytta i utbyggingsprosjekt, for større prosjekt er det også innført tak på utslepp per kvm. ny bygningsmasse, det er lagt opp til minst halvering av utslepp knytt til gjennomføring samalikna med ny utbygging med standardmaterialar.	X	X	Utbyggingskostnader er redusert ved ombruk av eksisterande bygningar samanlikna med tilsvarande nybygg.

Bygg og eigedom	Klimakrav med minst 30% vekt vert stilt ved innkjøp av varer og tenesta, eller erstatta med krav om tilsvarande klimavennlege tiltak i konkurransegrunnlag	Døme på kravspesifikasjon som erstattar krav om 30% vekt er Saften, Kaupanger kyrkjestova, ny barneskule i Sogndal sentrum m.fl.	X	X	Innføring av krav kostar berre timesverk hjå kommunen, effekt er også sterkt knytt til om kravet visar seg å ha ein verkeleg effekt, med omsyn til vinnande tilbod. Der effekten er reell kan effekten bli opptil 50% reduksjon av utslepp. Ved mindre tiltak eller ved innkjøp av klimavennleg utstyr må 50% meirkostnad påreknast. Større prosjekt kan gjennomførast utan nevneverdig meirkostnad, men i grensesnittet mellom godt og veldig godt er det tenleg å ta omsyn til skjæringspunktet mellom effekt og investering.
Bygg og eigedom	For hovudmål om indirekte utslepp frå energibruk vert tiltak som fører til energieffektivisering prioritert, dette gjeld til dømes fleire utskiftingar av ventilasjonsanlegg, fasadar og oppvarmingssystem	Døme: Leikanger barneskule, Kaupanger skule, Saften, ny barneskule i Sogndal sentrum, Leikanger ungdomsskule, Leikanger sjukeheim.	X	X	Sjøåst i samanheng med reduksjon av driftskostnader, tiltak som kan reint nedskrivast innanfor ein 7-årsperiode vert prioritert først. 500.000-3.000.000 kr pr. tiltak.
Bygg og eigedom	Meir fornybar energiproduksjon	Det ligg framleis eit stort potensiale i å etablere meir fornybar energiproduksjon for kommunal bygningsmasse. Fleire av dei største investeringsprosjekta vil ivareta dette i stor grad, men for eksisterande bygningsmasse er det ein målsetjing å auke innsatsen fremst der auka nødvendig investering/ressursbruk kan sjåast i samanheng med reduserte driftskostnader. Auka fokus og kapasitet for å ivareta tilgjengelege støtteordningar i denne samanheng vil mest sannsynleg vere nødvendig for å ta fleire steg mot måla i klimabudsjetten.		X	Om lag 10-20% av totalt vedlikehaldsetterslep, tilsvarande mellom 80 og 170 millionar kr.

Bygg og eigedom, Veg og grøntanlegg, VA	Krav om delvis utseppsfrie bygg- og anleggsplasser er innført for dei største prosjekta	Innført i eige kravspesifikasjon for miljø i konkurranse om ny barneskule i Sogndal sentrum. Tilhøva for utseppsfrie byggeplass er noko avgrensa generelt i kommunen. Det er trong for svært god tilgang til elektrisk kraft, eller i kombinasjon med batteripakkar. I tillegg er det låg tilgang på elektriske anleggsmaskinar i regionen. Krava legg inn til vidare opp til at det skal vere eit konkurransefortrinn for tilbydarar å investere utseppsfritt utstyr, men utan å unødig ekskludere lokale potensielle tilbydarar. Tilhøva generelt tilsier pt. at det berre kan stillast ambisiøse krav til dei største prosjekta og samstundes er det hensiktsmessig at ein ikkje still krav som fører til lange transport av utstyr for å innfri krava. Etter kvart som tilgjengelegheita venteleg aukar for utseppsfritt utstyr er det ein ambisjon å følgje opp med meir ambisiøse krav. Fossilfri og delvis utseppsfrie byggeplass er innført i konkurranse om ny barneskule i Sogndal sentrum.	X	X	Neglisjerbar på noverande tidspunkt. Utseppsfrie maskinar til anleggsarbeid må påreknast generelt 4 gonger meir kostbare i innkjøp, men noko mindre kostbare i drift.
Bygg og eigedom, Veg og grøntanlegg, VA	Krav om sorteringsgrad for avfall knytt til bygg- og anleggsprosjekt (både ved gjennomføring og i drift) er vesentleg skjerpa.	Bygningsteknisk forskrift still krav til 70% sorteringsgrad av avfall som oppstår i tiltak. Sogndal kommune still krav på 90% i konkurranse om ny barneskule i Sogndal sentrum. Tilhøva for mogleg sorteringsgrad vil variere noko mellom type utbyggingar, men skal ikkje vere mindre enn 80%. Kravspesifikasjon gjer også gjeldande føringar for etablering av sortering i kommunale bygningar der tal fraksjonar er tilpassa driftsform og type bygg/bruk.	X	X	Sortering er arealkrevjande sidan ein treng meir areal i riggområde og noko auka administrasjon for leverandør. Neglisjerbar eller redusert kostnad for handtering hjå renovasjonsleverandør. Meir arealkrevjande i bygningar, 17.000-37.000 kr per ekstra naudsynte kvadratmeter (eksisterande/nybygg).
Helse	Redusere matsvinn på helseinstitusjonane	Institusjonane lager mat etter kostlister, og samla opp matbestillingar, for å forhindre matsvinn	X	X	Mindre matsvinn kan gjere at kommunen sparar pengar på sikt.
Helse	Redusere talet på bilar i kommunal teneste	Sambruk av bilar mellom tenestene	X	X	Færre bilar kan gjere at kommunen sparar pengar på sikt.
Helse	Redusere avfallsmengda på helseinstitusjonane	Bossortering på alle avdelingane.	X	X	Ingen
Helse	Redusere utsepp frå transport i tenestesamanheng	Bruke E-sykel og beina på all forflytning der det er mogleg i bygdene. Samle fleire avtalar i ei bygd når ein reiser ut.	X	X	Dersom fleire el-syklar gjer at kommunen treng færre bilar vil kommunen spare pengar på sikt.
Helse	Begrense innkjøp av nytt utstyr og materiell.	Tenestene skal gjere bevisste val ved innkjøp av utstyr og materiell. Størst mogleg grad av reparasjon og gjenbruk av hjelpemiddel	X	X	Meir reparasjon og innkjøp gjer at kommunen sparar pengar på sikt.
IT-drift	Gjenbruke IT-utstyr og sørgje for rett sortering av avfall når gjenbruk ikkje er mogleg.	Det er allereie fokus på å gjenbruke IT-utstyr så lenge dette er mogleg og rett sortering av denne type avfall.	X	X	Meir gjenbruk kan gjere at kommunen sparar pengar på sikt.
Landbruk	Etablere lokalt prosjekt for å redusere utsepp frå gjødsellagring og -handtering.	Landbruksavdelinga får midlar frå landbruksdirektoratet til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) som dei deler ut til dei som søker. Ein del av desse midlane eller andre tilskotsmidlar kan styrast mot tiltak som hindrar klimautsepp.	X	X	Bruke eksisterande tilskotsmidlar til å stimulere næringa. Krev eigne midlar til prosjektgjennomføring dersom det er ønske om å etablere eit lokalt eller regionalt prosjekt.

Landbruk	Stimulere til kjøp av el-køretøy og elektriske arbeidsmaskiner og føre ei forvaltning som gjer at folk køyrer minst mogleg t.d. for å få tak i før, komme seg på beite etc	Lage eit prosjekt med ein tiltaksplan for å redusere bruk av fossilt brennstoff i landbruket. Det kan vere mogleg å bruke tilskot som gulrot for å stimulere til investering i elektriske køretøy og arbeidsmaskiner.	X	X	Krev egne midlar til prosjektgjennomføring
Oppvekst	Berekraftig utvikling i rammeplan og læreplan.	Berekraftig utvikling er både i rammeplan for barnehage og i læreplanen for grunnskulen sin overordna del eit tverrfagleg tema. Skulane og lærarane har gjennom dette ei viktig rolle for at kommunen i framtida skal nå sine berekraftmål.	X	X	Ingen
Plan og forvaltning	Arealrekneskap	Halde fram arbeidet med å utarbeide ein felles metodikk for arealrekneskap i planarbeid og innføre denne i arealplanarbeidet i kommunen. Sogndal er med som pilot i eit fylkeskommunalt prosjekt. Ein oversikt over kva klima- og naturverdiar som vert omdisponert i plansaker er naudsynt for å kunne gjere opplyste val og vurdere alternative strategiar. I prosjektet skal ein bli einige om innhaldet i arealrekneskapet, vurdere verktøy, teste arealrekneskapet i plansak og innføre metoden i arealplanarbeidet i kommunen.	X	X	Timeverk i kommunen.
Politisk	Nullutslepp frå cruiseskip	Jobbe politisk for å realisere målet om ein utsleppsfri cruisenæring.	X	X	Timeverk i kommunen.
Politisk/Bygg og eigedom	Nullutslepp frå hurtigbåt mellom Sogndal og Bergen	Jobbe politisk for å realisere fylkeskommnen sitt mål om utsleppsfri/lågutslepps hurtigbåt mellom Sogndal og Bergen. Og legge til rette for etablering av ladestasjon når det blir naudsynt.	X	X	Timeverk i kommunen.
Samfunn	Redusere utslepp frå pendling mellom tettstadene.	Sogndal kommune har fått tilskot til eit klimasatsprosjekt for å redusere utslepp frå reiser mellom tettstadene Sogndal og Luster. Etter initiativ frå Digdir og Vegvesenet på Leikanger skal kommunen også ta initiativ til eit samarbeidsprosjekt med dei offentlege aktørane på Leikanger for å løyse den framtidige parkeringsutfordringa på Hermansverk som følgje av at både Digdir og Sogndal kommunen flyttar dit.	X	X	Foreløpig timeverk i kommunen + eksternt tilskot frå klimasats.
Sogn Næring	Stimulere til meir ombruk i kommune og hjå innbyggjarar	Sogndal kommune, SIMAS og Sogn Næring har fått tilskot frå fylkeskommunen til å utvikle ein meir heilskapleg tilnærming til utvikling av ombrukstilbod i tettstadene våre. I prosjektet skal me etablere sirkulære og berekraftige verdikjeder for ombruksressursar, utvikle eit kompetansehevingsprogram for sosiale entreprenørar, teste ut pilotar knytt til sosialt entreprenørskap og ombruk og drive kommunikasjonsarbeid ut om innbyggjarar for å endre forbruksvanar	X	X	Timeverk i Sogn Næring, Simas og eksterne tilskot.

Sogn Næring	Sogn sirkulære biohub	Arbeidet med å gjere Kaupanger industripark til ein sirkulær industripark er i gang. Dette skal sikre auka utnytting av bioverdikjeda. I tillegg jobbar ein med etablering av kraftkrevjande industri grunna tilgjengeleg overskotskraft i området.	X	X	Timeverk i Sogn Næring, næringsliv og eksterne tilskot.
Veg og grøntanlegg	Fornyng av den lettare køyretøyparken til kommunen.	Sogndal kommune har i dag 111 køyretøy totalt. Av desse er 93 stk små bilar. Prosentandel elbilar av desse er 43%. 47 bilar er leasa. Ansvar for koordinering og oppfølging av bilparken er organisert gjennom ei 50% stilling på tenesteområdet veg og grøntanlegg. Kommunen er godt i gang med bytte av fossile bilar med el-bilar. Overgang frå kjøp til leasing vil flytte kostnader frå fellesområdet til auke utgifter på drift. Kor raskt kommunen klarer omstillinga vil avhenge av kva økonomisk handlingsrom sektorområda har.	X	X	Kostnad på leasing ligg på 5000 - 9000 kr per små bil/personbil. Det er behov for 53 bilar og kostnaden er avhengig av type køyretøy ein leasar, men eit anslag ligg mellom 3,2 og 5,7 millionar kr i året. Dette vil forskyve kostnader frå investering/fellesområde til driftsbudsjetta. Tidslinje er avhengig av løyving i budsjettet.
Veg og grøntanlegg	Det er ynskjeleg med tyngre driftskøyretøy og maskinar av nyare dato en eksisterande. Dette ville gitt reduserte utslipp.	Kommunen har 2 tunge køyretøy, 7 registrerte traktorar og 9 uregistrerte maskinar. Tunge køyretøy, traktor og maskiner vil på noverande tidspunkt ikkje vere teneleg for kommunen som utslippsfrie. Utslippsfrie maskiner er svært dyre og infrastruktur for lading er ikkje på plass. Driftstid er også et problem med tanke på vinterdrift. Leasing av nyare fosile maskiner vil kunne redusere utslipp og betre rammene for å levere gode tenester i tider med stor økonomisk usikkerheit og med stor endringshastigheit. Dette fordrar nokre utfordringar for drift på kort sikt, men vil likevel medføre reduserte vedlikehaldskostnadar, redusert risiko i forhold til alder og slitasje, samt at det vil forenkle og redusere behovet for vedlikehald og oppfølging av maskiner og bilar. Overgang frå kjøp til leasing vil flytte kostnader frå fellesområdet til auke utgifter på drift. Kor raskt kommunen klarer omstillinga vil avhenge av kva økonomisk handlingsrom sektorområda har.	X	X	Leasing av ei maskin/ traktor ligg i størrelsesorden 12000 - 22000 alt etter storleik. Behov for fornyng er 15 stk. Kostnad er avhengig av type køyretøy ein leasar, men ligg truleg mellom 2 og 4 millionar kr i året. Dette vil forskyve kostnader frå investering/fellesområde til driftsbudsjettet. Tidslinje er avhengig av auke i budsjettet.
Veg og grøntanlegg	Vegavd vektlegg klimasatsing med 30% i innkjøp.	Dette er starta opp i kontraktsarbeid på f.eks vinterdrift og rammeavtale graving	X	X	Timeverk i kommunen. Effekt er sterkt knytt til om kravet visar seg å ha ein verkeleg effekt, med omsyn til vinnande tilbod.

Veg og grøntanlegg	Vi nyttar strøsand med minst mogleg finstøv og er i dialog for snødumping.	Oppsop frå kosting av veg skal leverast til godkjent anlegg. Har søkt om dumping av snø hjå Statsforvaltaren. Gjennomført og levert snøprøverapport. Venter på svar.	X	X	Ca 200 tonn med kostnad på 750 kr/tonn eks mva = 150 000 kr i året.
Veg og grøntanlegg	Det blir nytta brøytestikk av bambus og boss handtering er vektlagt.	Innført. Innkjøp kun av bambus. Iverksatt 2023.	X	X	Kostnad lik som før
Veg og grøntanlegg	Auka bruk av leddlys i gatelys vil redusere straum forbruk.	Ein pågåande prosess.	X	X	Rammeløyve på 1,5 mil pr år.
Veg og grøntanlegg	Innføre/ auke p-avgift	Det er iverksatt ein p-gruppe for parkeringsstrategi med representantar frå politisk og næringsliv. Det er ytra ønske om pendlerparkering tilknytta buss, men effekten av dette på utslppsreduksjon er usikker. Prissatt parkering kan nyttast som styringsverktøy for å få bort trafikk fra sentrum. Det er også mogleg å redusere talet på årskort i sentrum og berre ha dette på gitte plassar.	X	X	Timeverk i kommunen.
Veg og grøntanlegg	Godkjenning for Trafikksikker kommune.	Sogndal kommune skal innføre trafikksikker kommune. Prosessen startar no. Sjå https://www.tryggtrafikk.no/trafikksikker-kommune/ . Ein meir trafikksikker kommune vil mest truleg også stimulere til at fleire innbyggjarar går og sykklar.	X	X	Timeverk i kommunen
Veg og grøntanlegg	Sykkelparkering	Gå gjennom sluttrapport for sykkelparkeringar og prioritere og etablere sykkelparkeringar ut frå denne. Søke samordning og samfinansiering med andre aktørar. Er ut frå samla prioritering sett opp med eiga løyving på kr 500.000 kvart av åra i 2026 og 2027. Kan få tilsvarende løyving i 2025 dersom ramma blir oppjustert.	X	X	1,5 - 2 millionar kr fordelt på 2-4 år. 1 million kr av desse er lagt inn i ramma for 2026 og 2027.
Veg og grøntanlegg	Prioritere vinterbrøyting av gang- og sykkelveggar	Vegavdelinga tek sikte på å vedlikehalda slik at forholda for gåande og syklende betrast. Det er kjøpt inn ein hjullastar som er betre eigna for vedlikehald av gang- og sykkelveggar.	X	X	Innanfor eksisterande budsjettramme.